

**MØTEBOK****Forskrift om gebyr for dekning av utgifter med handsaming av søknadar om løyve til handel med fyrverkeri i klasse II, III og IV og gjennomføring av tilsyn**

Utval sak	Utval	Møtedato
2/25	Formannskapet	12.02.2025
5/25	Kommunestyret	20.02.2025

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret vedtek ny lokal forskrift for dekning av utgifter med handsaming av søknadar om løyve til handel med fyrverkeri i klasse II, III og IV i medhald til forskrift om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 9-2.

Saksprotokoll i Formannskapet - 12.02.2025**Behandling:**

Saka manglar vedlegg, administrasjonen syt for at dette føl i innkallinga til kommunestyret.

Tilråding til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek ny lokal forskrift for dekning av utgifter med handsaming av søknadar om løyve til handel med fyrverkeri i klasse II, III og IV i medhald til forskrift om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 9-2.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 20.02.2025**Behandling:**

Tilråding frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek ny lokal forskrift for dekning av utgifter med handsaming av søknadar om løyve til handel med fyrverkeri i klasse II, III og IV i medhald til forskrift om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 9-2.

Vedlegg:

Forskrift om gebyr for dekning av utgifter med handsaming av søknadar om løyve til handel med fyrverkeri i klasse II, III og IV og gjennomføring av tilsyn.

Bakgrunn:

Fitjar kommune ynskjer å få dekkja sine utgifter til handsaming av søknadar om løyve til handel med fyrverkeri, samt gjennomføring av tilsyn ved handel i Fitjar kommune frå år 2025.

Saksutgreiing:

Løyve til handel med fyrverkeri vert gitt av kommunen der varsemda vert driven. Med heimel i i forskrift 26. juni 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarlig stoff § 9-2, jf. lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) kan kommunestyret fastsetje lokal forskrift om gebyr for dekning av faktiske utgifter forbunde med handsaming av søknader om løyve til handel med fyrverkeri klasse II, III og IV og gjennomføring av tilsyn.

Fitjar kommune ynskjer å få dekkja sine faktiske kostnader med sakshandsaming og tilsyn frå 2025.

Gebyr vert vedtatt av kommunestyret i samband med den årlege budsjetthandsaminga. Gebyr for søknader om fyrverkeri vert føreslått sett til kr 2500,- eks. mva som skal dekkja sakshandsaming, tilsyn og oppfølging av avvik.

Miljø og berekraft:

[FN sine berekraftsmål](#)

Vurdering:

Saka har vore lagt fram for Utval for plan og miljø som gjorde følgjande vedtak 11.06.2024: *Forslag til ny lokal forskrift for dekning av utgifter med handsaming av*

søknadar om løyve til handel med fyrverkeri i klasse II, III og IV og gjennomføring av tilsyn vert lagt på høyring jf. fvl. § 37.

Lokal forskrift har vore på høyring jf. fvl. § 37 og det har ikkje komme uttalar.

Oppsummering og konklusjon:

Det har ikkje komme høyringsuttalar og kommunedirektør legg fram saka for politisk handsaming.

Steinar Dalland
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.